

Nordfjord vassområde



REFERAT

PROSJEKTGRUPPA I NORDFJORD VASSOMRÅDE

MØTE 02.12.2015 kl 9.30. – 12.30

Stad: Nordfjordeid, Bryggen hotell

Desse møtte: Bjørn Henry Marthinussen (Bremanger), Ingvald Tennebø (Vågsøy), Kristian Nave (Selje), Stanislaw Voldsund (Eid), Ståle Hatlelid (Hornindal), Odd Rønningen (Stryn), Per Ove Fossheim (Gloppen), Solfrid Trå (Jølster), Staffan Hjøhlman (prosjektleder)

1-2015. Oppsummering av regionalt tiltaksprogram for 2016 - 2021. *Kva inneheld tiltaksprogrammet av oppgåver for Nordfjord-kommunane? Oppsummering på vedlagte rekneark.*

Grønmerka tiltak er igangsett.

Ein kan forvente meir flaumførebyggande tiltak i åra framover pga klimaendringar.

Opning av flaumløp langs elvar kan ha ein flaumdempande effekt ved at elva får større areal (jamfør heilskapleg tiltaksplan for Stryneelva: <http://www.vannportalen.no/globalassets/vannregioner/sogn-og-fjordane/sogn-og-fjordane---dokumenter/tiltaksprogram/tiltaksplan-for-strynevassdraget---hooring.pdf>).

Ønske om meir overvaking i høve renseanlegg i Jølster.

Knytte masteroppgåve til overvakinga?

Prosjektleder prøver å finne kostnadsoverslag på tiltak og mulege tilskot. Dette er eit viktig grunnlag for diskusjon i temagrupper. Han vil og kontakte landbruksrådgjeving S&F om fosfor i kunstgjødsel.

2-2015. Problemkartlegging

Tiltaksprogrammet inneheld mykje problemkartlegging i forhold til jordbruksavrenning, spreidde avløp og kanalisering/forbygging. Ein stor innsats var lagt ned i 2014 med konsulentoppdraget til Asplan Viak i høve jordbruk og avløp: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn-og-fjordane/vassomrade/nordfjord/nyhende-nordfjord/2015/mote-i-nordfjord-vassomradeutval-22.011.2015/>

Vassområdeutvalet gjorde slikt vedtak i Sak 1-2015 Problemkartlegging i høve avløp og jordbruk:

- 1. Nordfjord vassområdeutval tar rapporten «Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar» til vitande.*
- 2. Tiltaka som er føreslått i rapporten i høve jordbruk og separate avløp, skal vere utgangspunkt for drøftingar i dialog med bondelag og andre interesseorganisasjonar, før kommunane konkretiserer kva for tiltak som ein bør gå vidare med. Viktig fora for slik dialog er temagrupper, som vil bli oppretta i følgje revidert prosjektplan for Nordfjord vassområde.*

Oppretting av temagrupper for nærare drøfting av tiltak. Kven skal inviterast til temagruppene?

Starte med felles temagruppemøte for vassområdet – følgje opp med lokale møte / synfaringar.

Deltakarar i temagruppe jordbruk: bondelag, elveeigarlag, jakt- og fiskelag, kommunar.

Det er viktig at overvaking som er utført i kommunane blir gjort tilgjengeleg slik at tilstandsklassifiseringa blir optimal. Kommunane kan melde inn data til prosjektleder som kan sjekke

Nordfjord vassområde

og evt legge inn i vannmiljø-databasen, som er knytta opp mot vann-nett.
Fortrinnsvis data frå siste 10 år.



3-2015. Samarbeid om kartlegging og tilsyn av spreidde avløp.

Tilsvarande samarbeid var drøfta i prosjektgruppa til Sunnfjord vassområde 11.11.2015. Flora, Gaular og Førde kommunar har kome langt i å vedta forskrift og gjennomføre tilsyn. Det vart vist til malar på miljokommune.no for varsling av tilsyn. Driftsassistansen i Sogn og Fjordane har eit prinsipielt ønske om samarbeid, og utformar ein felles teknisk VA-norm basert på Norsk Vann sin norm.

Ingen av kommunane i Nordfjord vassområde har tilsyn av spreidde avløp i særleg grad.

Det er utarbeidd felles VA-norm for Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn i 2014.

Stanislawa vil sende på ny framlegg til felles forskrift

Døme på forskrift som omhandlar bruk av avløpsgebyr på tilsyn:

Gaular kommune: <https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2014-11-06-1412> (§ 7-4).

4-2015. Økonomi.

Vassområdet har eit fond i Gloppen kommune på kr 282 841. Inntekter og utgifter i 2015 kjem i tillegg. For at prosjektleiar skal kunne administrere midlane, må dei overførast til Sogn og Fjordane fylkeskommune, øyremerka for bruk av Nordfjord vassområdeutval.

Prosjektgruppa hadde ikkje merknader til dette.

5-2015. Tilskotsordningar

Jamfør rundskriv frå klima- og miljødepartementet 05.11.2015

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2016/id2460185/>

Aktuelle poster:

Generell vassforvaltning (Kap. 1420 post 70, underpost 3) – søknadsfrist 15. januar 2016

Oppryddingstiltak (Kap. 1420 post 69) – løpande handsaming av søknader

Tilskot til truga arter (kap. 1420 post 82, underpost 1)

Prosjektleiar ser på om Nordfjord vassområde kan søke på desse programma, og held prosjektgruppa orientert.

6-2015. Møteplan for fyrste ½-1 år

Fyrste møte vert 21. januar og deretter kvar fjerde torsdag utover i 2016. Prosjektleiar sender innkalling over Outlook.

Staffan Hjohlman

Ref.